



Nr. 3 - Mai 1995 - 54. årgang

# KYRKJEBLAD FOR FJELL



*Frigjeringsjubileum*  
*8. mai 1945 - 8. mai 1995*



*Gud signe vårt dyre fedreland  
og lat det som hagen blomra!  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma!  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg sama!*

# «Eg ber ikkje agg til nokon»

*Soknepresten i Fjell døydde i tysk fangenskap.*

av Kapellan 1 i Fjell, Sverre Martinsen

"Eg var 6 år den gongen. Ottar, tvillingbroren min, og eg hadde nettopp kome heim frå skulen, som var i fabrikk på Kolltveit. Dessutan var nest eldste broren min, Einar, heime. Ingerid gjekk på framhaldskule på Arna, og Audun var på skulen på Kolltveit. Far kom gåande ned Djupedalen med nokre ukjende menn ved sida av seg. Eit par av dei var i uniform. Det gjekk opp for meg at far skulle arresterast. Eg hugsar at mor og far var alvorlege. Far pakka nokre klede han skulle ha med seg. Han bad så om å få be Fader Vår saman med oss. Dette vart innvilga. Så såg me han ikkje meir heime, men mor, Ottar og eg, fekk treffa far i fangeleiren i Moldalia på Espeland dagen før Ottar og eg fylte 7 år. Dette var siste gongen eg såg far."

Det er Dagfinn Boge, yngstemann i prestefamilien på "Fjedlet" under krigen som seier dette til Kyrkjebladet. Han er i dag rektor på Garnes skule i Arna.

Den 1. september 1943 skulle verta ein dramatisk dag for 1.klassingen, og familien. Det galdt òg for kyrkjelyden, som no miste presten sin. Sokneprest Boge skulle aldri koma att korkje til sine kjære, eller til flokken han var hyrding for.

## Sokneprest Boge sitt

### vita:

Kallsbok for Fjell sokneprestembete har desse opplysningane:

5. Emil Georg Storesund  
... "holdt sin avskedspreken i Fjell 1ste S.e.tref. den 3.mai(1937) og reiste dagen etter til Våle." (Skrive av Storesund, forf.s.anm.)  
Ordinert prest Hans Eide styrde Fjell soknekall frå 1/6-20/11-1937.

6. Ingolf Anderson Boge, fødd i Bruvik 31. jan. 1900. Tok studenteksamen ved Voss off. Landsgymnas 1920, latinlina Mtf, tok theologisk embetseksamen ved Menighetsfakultetet 1926, og praktikum haustsemesteret same år og same stad. (Laud)

I studietidi hadde han ein del vikararbeid i folkeskulen.

Vart 16. jan.1927 res.kapellan til Haus der han var soknerådsformann og skulestyreformann. Vart utnemnd til sokneprest til Kviteseid og yvertok dette embete 12/10 1930.

30/9 1937 vart han utnemnd til sokneprest til Fjell og yvertok denne stilling 20/11 1937.

(Skrive av Boge sjølv, forf.s.anm.)

Sokneprest Boge med huslyd budde i prestegarden til tyskarane trengde dei ut i desember 1942. Frå den tid budde dei i Kolltveit til Boge vart arrestert og ført bort derifrå 1/9 1943. Han skildest med sine egne med å lese Fadervår saman med dei. Boge held klare linjer, både kristeleg, kyrkjeleg og nasjonalt. Dette var vel grunnen til arrestasjonen.-

Vegen gjekk om Bergens krinsfengsel, Espeland, Grini og vidare til Neuengamme ved Berlin. Der døydde han 7. mnd. etter arrestasjonen av dobbel lungebetennelse. Hans siste ord var: "Eg ber ikkje agg til nokon."

- Sokneprest Boge let etter seg kone og 5 born. Dei flytte til Arna.

Ordinert prest Agnar Nigar styrde Fjell soknekall frå 17/9 1943 til 10/2 1944, då han vart arrestert.

Stiftskapellan N. Trengereid styrde kallet frå 4/4 1944 til 27/4 1946."

(Skrive av Trengereid. KZ-leiren Neuengamme ligg ikkje i Berlin, men rett sør for Hamburg, forf.s.anm.)



Sokneprest Ingolf Boge. (Våre Falne.)

Biskop Dagfinn Hauge fortalde forf. hausten 1994 at han var tilstades i Bergen Domkyrkje då Boge vart ordinert i 1926, av Biskop Peter Hognestad. Teksta var frå Luk.2.41-52, Jesus som tolv-åring i templet.

**Boge vart ordinert 17. desember 1926.**

Norsk fangeleksikon. Grinifangene. Red. av Børre R. Giertsen, J.W.Cappelens forlag Oslo 1946. s.314/690. fortel dette:

"8750. Ingolf Boge, prest, Fjell. F. 31-1-1900. Arr. 1-9-43 til Bergen, til Grini 21-11-43, 27-2-44 til Tyskland.? april 1944 Neuengamme.

Seinare tillegg: Død 1-4-1944."

Våre falne. (Kjelde: Riksarkivet.) s. 314 nemner Boge sitt vita slik:

"Boge, Ingolf, sokneprest, Fjell. Født 31.januar 1900 i Bruvik, s. av lærer og kirkesanger Anders Boge, f. 1854 i Bruvik, og Iverine Larsdatter f. Sæbø, f. 1864 i Lærdal. Gift 1927 i Rolvsøy med Edith Møllerup, f.1903 i Grong. 5 barn. Kandidat fra Menighetsfakultetet i Oslo og sokneprest i Fjell. Ble arrestert 1.september 1943 etter en husundersøkelse og sendt til Aleksandra Platz (Alexanderplatz, òg kalla Polizeiüberprüfungstelle, forf.s.anm.)-fengslet i Berlin hvor han døde 1. april 1944.

(Kristian Ottosen, Fangeliste i: Bak Lås og Slå, Nordmenn i Hitlers tukthus og fengsler. s.405, seier at arrestasjonsgrunnen var Milorg, og dødsstaden Berlin. Boge er òg nemnd i: Fangelista i Liv og Død, Historien om Sachsenhausen-fangene, same forf. s.336, men utan fangenr. frå KZ-Lager Sachsenhausen.)

**Sjå under om mogleg dødsstad for Boge.**

**Frå dagslista for soknepresten i Fjell 1:**

**Glimt frå 1941 og 1942:**

**Soknepresten står på Kirkens Grunn:**

(Konfidentar sine namn er ikkje attgjevne frå dagsregisteret, forf.s.anm.) framh. s. 12

## «Eg ber ikkje agg til nokon.»

### 1941:

" 16/2 S. Seksagesima, Landro. Gudstenesta kl.11. "Korleis er jordsmonnet i hjarteåkeren din?" Nattverd. 10 nattv.gj. Bøn for Biskopane. Der var hyrdebrev til prester og menigheter fra biskopane omtalt og delvis referert. Likeeins vart lese brev frå Bjørgvin bispedømeråd."

" 23/2 Fastelag s. Fjell. Gudstenesta kl.11. 1 R. "Jesu dåp for oss. Vår dåp til Jesus som vår forsvarar, vår Frelsar og Herre." 1 barn til dåpen. Emisær Gjøsæter avslutta gudstenesta. Kyrkjelydsmøte...(som Landro veka før) Rekneskap for 1940 over offer og kollektar i kyrkja vart opplese."

"29/5 Hjelpte to tyske soldatar til å finne fram i kyrkjebøkene. Dei hadde i oppdrag å leita fram ibuarar i Fjell av tysk ætt."

"20-26/10. Sokneprest Boge permisjon for å delta i Bekjendelsestro presters Broderkrets møte i Oslo m.m."

### 1942:

"8/3 3.sundag i fasta(Algrøy) Gudstenestlegt møte kl.11. 2.rekkja. "Strid i Jesu kraft." Las opp brevet frå biskopane til prestar og kyrkjelydar dagsett 24/2, og brevet frå biskopane dagsett 14/2 om tvangsmobilisering av born og unge i alderen 10-18 år. Forbøn for bispar og domprostar, prestar og lærarar." Nattverd for gamle. 7 nattv.gjester. 1 husvitjing."

"15/3 Midtfaste sundag Fjell. Soknepresten intimerte 1 Pet 2, 21-24. Pastor Stabell-Rasmussen preika II R. Offer til Israelsmisjonen. 5 Dåp. Nattverd. 40 nattv.gjester. Etter gudstenesta gav soknepresten ei orientering om den kyrkjelege situasjon og las opp brevet frå Norges bisper til "Den norske kirkes menigheter og prester" dagsett 26.februar, og biskopane sitt brev til minister Schancke dagset 14/2 1942. Forbøn. Fedrelandsalma v-1.2 og v.6. Dåp i kyrkja kl.18 av eit born som ikkje nådde fram til gudstenesta."

"5/4 1. Påskedag, Fjell. Gudstenesta ved soknepresten. 2. rekkja. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon. 3 Dåp.

6/4 2. Påskedag, Landro. Gudstenesta ved soknepresten. 2. rekkja. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon. 8 Dåp.

Etter gudstenesta gav soknepresten ei orientering om den kyrkjelege situasjon. Ein mann frå Landro takka for dette. Kyrkjelyden reiste seg og song:"Guds ord det er vårt arvegods." Gravtale og 4 jordfestingar på Landro kyrkjegard, ei vitjing i Landro.

7/4 Førjing av kyrkjebøker.

8/4 Gravtale og jordfesting på Fjell kyrkjegard. Var i Bergen og konfererte med kollegaer.

9/4 Bjørøy. Meddelte N.N. familie nattverden. (4 nattv.gjester.)

10/4 Møte i Fjell Sokneråd. Arbeid med kvartalsmeldingar.

11/4 Brudevigsla i Fjell kyrkje. Dåp av 5 born i Fjell kyrkje.

12/4 1.s.e.påske. Fjell. Gudstenesta kl. 11.00. f.m. II.R. Tema: "Jesus er den same etter oppstoda som før". 8 Dåp. Nattverd. (310 nattverd gjester) Pastor Trengereid utførde dåpen og hjelpte til med å dela ut brødet ved nattverden. Soknepresten refererte telegram og rundskriv frå kyrkjedep. om at dei preshtar som tok del i opplesing og underskriving av vedkjenningskriftet "Kirkens grunn", måtte venta å få avskild og må reisa frå prestebustaden og sitt distrikt innan 8 dagar. Gav opplysning om inn-


haldet i "Kirkens grunn" og om at eg hadde gjeve mi underskrift til denne vedkjennning. Difor måtte ein rekna med at dette vart siste gudstenesta sokneprest Boge fekk ha i Fjell. Takka sokneråd, klokkar, organist, kyrkjetenar, gravar for godt samarbeid. Likeeins takk til medhjelparane og leiarane for misjonslag og kristelege arbeidsgreinar i Fjell. Etter gudstenesta var slutt, retta formannen i Fjell sokneråd ei varm og hjarteleg takk til soknepresten og kona hans for deira arbeid i Fjell. Ynskte dei velkommen att."

"20/4 Ny kolonne i dagsregisteret: Kyrkjeleg velsigning."

"22/4 Konferanse med kollegaer og soknerådsformannen."

## Frå Soknerådsprotokollen for Fjell 1: Møte 10-4-1942. Soknerådet står på Kirkens Grunn.

"Soknerådet vart kalla saman pr.telefon. Ein møttes på prestekontoret og tok avsked med presten-I.Boge-som etter ordre måtte forlate prestegarden innan ti dagar. Det vart samtala om ymse og "Kirkens Grunn" var lese opp. Soknerådet sa seg samd i tankane som var borne fram i skrivet og skreiv under eit framleg som skulde sendast til rette vedkomande. Ein var noko sára over å måtte skiljast frå prestefolket på ein so snøgg og uvanleg måte, men det vart likevel ei gild avskilstund på kne som gav mykje styrke i avskilstimen.



*Sokneprest Boge les opp Kirkens Grunn frå preikestolen i Fjell 12. april 1942. Presten som sit i ornat i koret, er stiftskapellan Nils Trengereid. Biletet er teke frå galleriet av Ragnvald Fjell(?), og stilt til rådvelde av familien Boge.*

## «Eg ber ikkje agg til nokon.»

Då det ikkje vart protokollert det ein samtala om på møtet, er dette referat nedskrive av form. ei stund etterpå. Presten held avskilsprek sund.12.april. Mykje folk og stor nattverdsøknad. Sokner.form. takka pr.

Nils Foldnes."

*(Kirkens Grunn er attgjeve i Kyrkjeblad for Fjell nr. 4, 6-8/92. Nr.4 har óg ein introduksjonsartikkel om dette vedkjenningskriftet.)*

## Frå dagslista for soknepresten i Fjell 2:

Glimt frå November 1942-

15. desember 1942:

## Forvist frå prestegarden og kyrkja.

"13/11 Tale ved båra (i heimen) åt Ole Hansen Lie. Jordfesting. Husvitjing på Ulveseth for å høyra om hus dersom prestegarden må evakuerast."

"20/11 Konferansar med den tyske vernemakt, Lensmannen og Fylkesmannen om evakuering av prestegarden."

"29/11 1.s. i advent. Fjell, gudsteneste ved soknepresten og pastor Haugland. Offer til misjon blant hjemløse. 2 Dåp. Nattverd. (32 nattv.gjester)

30/11 Bjørøy. Gav nattverden til N.N. og N.N. (2 nattv.gjester) Tala i heimen ved Ole Monsen Bjørøy si gravferd. Forretta ved gravi. Bibellesing på Tellnes skulehus.

1/12 Kontorarbeid og førebuing til evakuering av prestegarden.

1/12 Klokka 6 1/2 e.m. stod det 7 tyskarar i uniform i gangen på prestegarden og kravde huset rømt med ein gong. 10 tyskarar overnatta på prestegarden om natti. Kona mi og eg og tenestegjenta pakka til kl.13 1/2 om natti, så nokre timar i seng. Og so snart morgonen kom, var vi på føtene. Det galdt å få med så mykje som råd var av matvaror. Borni hjelpte til med å fylla poteter og grønsaker i sekker og stampar, dertil litt brensel. Heldigvis fekk eg ein lastebil til å køyra eit lass med det aller nødvendigaste til Indre Arna, der kona og borni

skal bu hjå prost h.v. Møllerup og frue (mine verforeldre). Heldigvis hadde eg att såpass bensin at eg fekk køyrt min privatbil dit. Soleis kom me avstad kl. 15. omlag. Alle rutebilane var stogga opp p.g.av snø og kulde og hardt press. Snøen gjorde at ingen bil kunne koma opp på prestegardstunet! Difor måtte alt som skulle flyttast berast eller køyrast på slede ned til hovudvegen. Det mest verdifulle av innbuet vart køyrd til Kolltveit og innsett hjå gradbrukar Mons Kobbeltveit. Tyskarane ba om eller gjorde krav på den elektriske komfyren, alle lampar og lyspærer og rullegardiner og blendingsgardiner. All ved, (torv og koks) og dertil overtok dei 1 divan, 1 chaisalong, eit skrivebord, eit spisestovebord, 1 salongbord, 1 gyngestol, 1 armstol med saueskinn, 3 kjøkkentaburetтар, 1 stor vaskeservant m/marmorplade, 2 nattbord med marmorplator, eit stort linnetskåp, 1 høvlebank, 1 langbord, 1 gamal klerulle, (to sengjer), ei øydelagt, derav ei feltseng av jarn, telefonapparat, eit lineoleumsteppe m/underlag, to stolar, eit protokollskap. (to etasjerar). Resten av møblane og innbuet vart stabla inn i garasjen på prestegarden. - Kyrkjebøkene og prestearkivet og mi private boksamling hadde eg tenkt å setja inn i prestesakristiet. Var eg kome ned dit med eit hestelass av desse tinga, men då var kyrkja full av tyske soldatar og offiserar. Dei hadde overnatta der. Ogso i sakristiet hadde dei romstert slik at det var ikkje å tenkja på å ha bøker liggjande der. Eg køyrde då oppatt i prestegarden og lagde kyrkjebøkene og arkivet ned i potetkjellaren og låste att. "Der Oberarzt" lova at ingen skulle røra bøkene i kjellaren. Likeeins lova han å fara vel med mi boksamling om eg let den vera att på kontoret. "Der Oberarzt" var elles ein snild og rimeleg mann. Han tykte det var ille at han laut jaga oss ut, men kunne ikkje anna. Han og sanitetssoldatane hans hjelpte til med flyttinga. Han let ogso ein tysk bil ta med noko av det tyngste innbuet til Kolltveitsvingen. Reisi til Indre Arna gjekk det godt med. Me kom dit kl. 17 1/2. Ingen av oss hadde teke skade. Kona mi og våre 5 born skal bu der. Eg skal bu på Kolltveit. Kyrkja er no lagerhus. Kan difor ikkje nyttast til gudstenelege handlingar.

4/12 Kom attende frå Indre Arna. Arbeidde med å koma i orden på mitt

nye rom - eit fint og godt rom, der eg kan ha både soverom, kontor og salon.

5/12 Tala på gravi åt Marta Hansen Lokøy, jordfesting. Der var ikkje ringjing med kyrkjeklokkene avdi tyskarane nektar tilgjenge til kyrkja og kyrkjetårnet. 1 husvitjing på Nessjøen. Deltok i ungdomsfest på Nessjøen bedehus. Husvitjing på Kallestad.

6/12 2.s. i advent. Kallestad. Gudstenestleg møte på Kallestad skulehus kl. 11. f.m. Deltok i møte på Kallestad skulehus om kvelden. Meddelte nattverden til N.N. (3 nattv.gjester.)

7/12 To husvitjingar på Ulveseth. Henta kyrkjebøkene til Kolltveit frå potetkjellaren på prestegarden.

8/12 Deltok på møte på Kolltveit ungdomshus. Var med på Kolltveit ungdomshus.

9/12 Kontorarbeid. Kyrkjebokføring.

10/12 Ekspedering av innkomne brev m.m. To husvitjingar på Fjell.

11/12 Ein del brensel og anna vart henta frå prestegarden. Førebuingar av ymse slag.

12/12 Reis til Lokøy. Velsigning av ekteskap på Lokøy skule. 1 husvitjing.

13/12 3.s. i advent. Lokøy skule. Gudstenestlegt møte kl. 11.- f.m. III.R. Brevet til ministerpresident Quisling frå kyrkja og organisasjonane mot jødeforfylgjingi, vart lese.

14/12 Kontorarbeid av ymse slag.

15/12 Arefjord. Meddelte N.N. nattverden. Tala ved Hans Nilsen Arefjords båra. Jordfesting på Fjell kyrkjegard."

"18/12 Vitjing av lærar Hestads klasse som no held til i spiseromet på Kolltveitfabrikken. Arbeid med tømning av møblane frå gangen."

"20/12 reist til Indre Arna for å vitja kona og borni mine og vera ilag med deim julafta."

"25/12 Messefall p.gr. av at Fjell kyrkja er nytta av tyskarane til varelager og militærdepot." *framh. s 14*

## «Eg ber ikkje agg til nokon.»

### 1943:

"9/1 Konferanse med dr. Haasemeyer som styrer militærskulehuset i prestegarden. Møtte i fattigstyret."

"12/1 Konferanse med lensmannen og Oberarzt Haasemeyer om ymse ting vedk. prestegarden."

"13/1-14/1 reist til Indre Arna for å vitja huslyden min som bur der no."

"21/1 Husvitjing hjå N.N. og N.N. Berga dei 4 nye, skinntrukne stolane ut or kyrkja so ikkje tyskarane skal øydeleggja dei. Henta kyrkjesimalbøkene frå kyrkja til Kolltveit."

"30/1 Utarbeiding av melding til biskopen; Kyrkjens liv og vokstervilkår i krigstida. Fjell Prestegjeld."

"1/2 Reis til Indre Arna. Vitja huslyden min der. Kona og nokre av borna er sjuke."

"8/2 Husvitjing på Ågotnes. Kontorarbeid. Konferanse med lensmannen om rekvisisjonen av Fjell prestegard. Departementet krev opplysningar. Tilsynsmannen var til stades."

9/2 Innkalla til Fjell lensmannskontor kl.20. fekk pålegg om å halda vakt på telefonlina Fjell-Knarrevik saman med 14 andre menn i Fjell. Vaktteneste skal vara til 7.mars-2 timar om natti- ialt 56 timar. Dette er ei strafferådsavgjerd i samsvar med lov av 8.august 1942 om "borgervakt til vern mot stats og partifieldtlige handlinger." Mi vaktteneste er kl. 2-4 om natti på vegen Straumsbru-Storskaret.

10/2 Gav lensmannen ei utgreiding om eigdomstilhøvet med Fjell kyrkja. Tarangers kirkerett s.180-181, ? 20."

"26/2 Husvitjing hjå N.N. Då eg skulde henta nokre arkivsaker frå potetkjellaren i prestehuset fann eg døri opna og hengjelaaset var vekke. Døri var brote opp og arkivbordet var gjennomrota og arkivsakene i uorden. Eg måtte då få tak i hest og vogn og køyra arkiv og protokollen til ein tryggare stad."

"1/3 Henta mitt privatbibliotek frå prestegarden."

"9/3 Henta eit kjerrelass bøker frå prestegarden."

"1/4 Tale i heimen og gjorde tenesta ved gravi ved Olufine Foldnes si gravferd. Gjekk med syrebod om at Ingvald Straume var krigsforlist 28/11-42. Sjukevitjing på Bildøy."

## Frå dagslista for soknepresten i Fjell 3:

### Glimt frå april-mai, og sumaren 1943.

### Fjell kyrkje frigjort!

"17/4 Velsigning av ekteskap. Sidan kyrkja er i bruk av tyskarane, måtte velsigningi haldast i heimen. Melding frå lensm. at kyrkja var fri 22/4."

"20/4 Gjekk gjennom Fjell kyrkja og såg på skadane. Konferert med ortskommandanten og kyrkjetenar og lensm."

22/4 "Overtok" Fjell kyrkja frå den tyske vernemakt. Soknepresten, klokkaeren, kyrkjetenar og medhjelpar..., lensm. i Fjell og 3 tyske offiserar var til stades."

"2/5 I.s.e. påsk. Fjell kyrkje var no tilbakelevert til Fjell kyrkjelyd frå Den tyske vernemakt, utrøyt og grundig vaska, så ho utan sanitære innvendingar kunne takast i bruk. III R. "Fred være med dykk"! 3 barnedåp. 126 nattverd-gjester. Mange fann vegen til nattverdbordet og det var ei gripande stund. Mang ei tåre vette auga og kinna på dei som knelte på altarringen denne dagen. Tellnes songlag, dirigent Nils Tellnes, song fleire sers vene songar fyre og etter preika. At songlaget møtte i nasjonalbunad la ein ekstra festdåm over den fullsette kyrkja. Veret var sers fint med blå himmel og strålende sol."

3/5 Møte i Fjell kyrkjelyds soknevalde råd. Føring av kyrkjebøker. Ekspedering av brev. Arbeid med melding til Stiftsdirleksjonen om overtaking av Fjell kyrkje.

4/5 Reist på vitjing til huslyden i Arna.

6/5 Var i Djupedalen og tinga husvære åt huslyden.

14/5 Arbeid med flytting til Djupedalen."

"20/5 Tala i heimen ved Brita Ekerhovds gravferd, jordfesting. Gjorde tenesta ved ein engelsk flyvars grav. Tysk militærhonnør-Salutt. Deltok i heimen på Ekrhovda etterpå."

"28/5 Reist på sjukehuset Haukeland for å vitja kona mi som måtte leggjast inn der. Vitja borna i Arna."

"14/7 Sjukevitjing hjå kona mi på Haukeland sjukehus. To patientar frå Fjell vart ogso vitja."


"19/7 Arbeid med flytting av møblar og innbu til "den nye prestegarden" hjå "Kristians-Laien" i Djupedalen: 2 rom+kjøken."

"21/7 Vitja kona mi på Haukeland sjukehus. Tinga ein del utstyr til Fjell kyrkja istadenfor det som tyskerane hadde teke."

"28/7 Reist til Indre Arna for å ordna med tilbakeflytting for huslyden min til Fjell."

29/7 Kom til Kolltveit med eit billass av evakuerte husbunadsting og tre av borni mine.

30/7 Arbeid med utpakking og med å koma i orden i vår nye heim."



Dei miste far sin. Tvillingane Ottar og Dagfinn Boge på ski ved kyrkja, teke i 1942. Biletet er teke av Ragnvald Fjell(?), og stilt til rådvelde av familien Boge.

«Eg ber ikkje agg til nokon.»

## Frå dagslista for sokne- presten i Fjell 4:

August-19. september 1943/ 20.  
november 1943:

## Soknepresten vert arres- tert.

"16/8 11. s. e. tr. ei. Ågotnes. Gudstenesteleg møte i Ågotnes bedehus ved soknepresten som tala over dagsens evangelium og las opp "Kirkens kamp." Johan Ågotnes opna. Jakob Selvik avslutta. 1 Husvitjing på Ågotnes. Deltok på ettermiddagsmøte i Ågotnes bedehus ilag med Jakob Selvik og fleire."

"23/8 12. s. e. tr. ei. Fjell. Gudstenesta ved soknepresten og kandidat Langeland. Offer til Kinamisjonsforb. 4 Dåp. Kyrkjelydsmøte. soknepr. ref. Kirkens kamp. Årsmelding frå soknerådet. Møtet vedtok samrøystes at det frivillige soknevalde råd skal halda fram med sitt arbeid ogso etter at tilleggsloven om sokneråd dagsett 30.juli 1942 er sett i verk."

"21/8 Velsigning av ekteskap i Fjell kyrkje kl.14. Konferanse med d.tyske doktor Haasemeyer."

"26/8 Las med konfirmantane i Fjell. Henta resten av mi private boksamling frå kontoret på prestegarden til sakrestiet i kyrkja."...

"...29/8 10.s. e. Tr. ei. Gudstenesta med nattverd ved presten i Fjell. III R. "Herre kven skal me ganga til " 1 Barnedåp. 21 nattv.gjester.Styremøte for Fjell fellesforening for D.N.Misjonsselskap.Var med på lagsmøte på "Ungdomsvern." Kolltveit kr. u.l. hadde fått huset sitt att no.

30/8 Kontorarbeid. 3 Sjukevitjingar i Arefjord og Bildøy.

31/8 Jamføring med kyrkjeboka og kontrollering av namn, fødselsdag og dåpsdag av alle konfirmantane 1943, 81 i alt.

1/9 Utskriving av 81 namnekort til konfirmasjonsdagen.(Her sluttar Boge si føring av dagsregisteret, forf.s anm.)

Boge arrestert av tyskarane. Likeeins ble Mons Kobbeltveit og Elias Fjell arrestert.

5/9 Res. kap. Røed deltatt på stevne.

12/9 Fjell. Konfirmasjon ved res. kap. Røed.

17/9 Medan sokneprest Boge er i fengsel, har biskop Fleischer tilsett i Fjell prostiprest Agnar Nigar som overtek Fjell i dag.

18/9 Kontorarbeid og ymse førebuingar.

19/9 Nattverdsgudsteneste med skriftemål. Pr. Hev du rom for Jesus? 3 Dåp. 142 nattv.gjester.

20/11-43 Boge, Mons og Mikkel sendt østover til Grini!" (Ført av prostiprest Agnar Nigar.)

## Frå dagslista for sokne- presten i Fjell 5:

Desember 1943 og Januar-  
April 1944.

## Nok ein prest arrestert!

"17/12-43 Besøkt pastor Trengereid. Per Lies kone begravet. Nasibisp Blessing-Dahle forrettet."

"28/12-43 1.s.i advent. Pr.: "Kongen Kommer!" Klokker Hestad og emissær Solsvik deltok.- Em.: Nattverdmøte for de gamle i Ekerhovd bedehus. Nils-medhj.-avsl. 15 Nattv.gjester."

"18/1-44 Kontorarbeid. Besøkt fru Boge."

"27/1-44 Trengereid: Misjonsmøte hos min vertinne: fru pastor Trengereid."

"6/2-44 S.Septuagesima. Fjell. Pr. Din vilje skje". 1 Dåp. 28 til Nattverd - Kveld: Kolltveit: Talt på ungdomsmøte.

9/2 Kontorarbeid. Innkalt til Gestapo fredag 11te kl. 10. Reiser i morgon."

" 5/3 2.s.i faste. Fjell. Pastor (Krinnssekretær) Utkilen held preik. Emne: "Gjev ikkje opp!" Nattverd, jordpåkasting. Kolltveit: Talt på ungdomsmøte.

6/3 Kontoret. Besøk på Kolltveit i ungdomslaget."

4/4 Pastor Nils Trengereid overtok tenesta i Fjell." (Ført av Nigar, Utkilen(?) og Trengereid.

Nigar var, som ein skjønar, ein djerv predikant. Han kan ha vore arrestert etter angjeveri. Ei av mine kjelder (unemnt) har opplyst at ein nazist som var tilstades i kyrkja hørde ei formulering av det djervare slaget, og straks forlet gudstenesta. Innkallinga til Gestapo kom etter denne hendinga. Nigar kom til Grini. Forf.s anm.)

Norsk fangeleksikon. Grinifangene. (Red. av Børre R. Giertsen, J.W.Cappelens forlag Oslo 1946.) s.390, fortel dette:

10968. Nigar, Agnar Johan, prest. Minde pr. Bergen, arr.11-2-44 Bergen, Grini 10-5-44. Fri 4-5-45. Tyskfiendtlig opptreden.

## Boge i tysk fangenskap i Norge.

Norsk fangeleksikon. Grinifangene. (Red. av Børre R. Giertsen, J.W.Cappelens forlag Oslo 1946.) s.314, fortel særskilt kortfatta dette om ei dramatisk hending for ein familie på Kolltveit i september 1943:

"8748. Mons Kobbeltvedt arr. 1-9-43 Grini 21-11-43  
8749. Mikkel Kobbeltvedt arr. 11-9-43 Grini 21-11-43  
Fri 4-5-45."

Ragnvald Fjell fortalde i 1992:

"Boge kom til Fjell frå Kviteseid i 1937. Eg var den gongen på kommunekasserarkkontoret, som heldt til på loftet over Fjell skule. Boge var innom kontoret i blant.

Me fekk eit godt samarbeid.

Han tok straks opp arbeidet med å sette kyrkja i stand, og vart formann i byggenemnda. Tross dårlege tider vil eg seia at han møtte bra velvilje.

Edith Boge var ei livleg og koseleg dame. Boge sjølv var ein avbalansert person. Han gjekk ikkje på akkord, og sa si mening. Han vart fortørna då tyskarane rykka inn i kyrkja. Ho vart okkupert frå 1.desember 1942-23.april 1943. (Ragnvald Fjell skreiv om dette, med sitat frå sokneprest Boge sitt notat i Kallsboka, i heftet "Fjell kyrkje 1874-1974", s.35, som framleis er å få frå prestekontoret, forf.s anm.)

Prestegarden vart Krankenhaus frå desember 1942. Presten måtte flytta til Kolltveit. (Dette må sjåast i samband med at tyskarane då kom til Fjell av militær-strategiske omsyn. Festningskanonane kom til Årstadkaien i Bergen, og vart deretter brakt til Tellnes, før dei kom opp Festningsvegen til Fjell festning. forf.s anm.) framh. s 16

## «Eg ber ikkje agg til nokon.»

Boge vart arrestert saman med Mikkel og Mons. Eg kan tenkja meg at tyskarane ville statuera eit eksempel ved arrestasjonen av presten. Men sjølv kunne han ikkje skjønna kvifor han vart arrestert. Kvifor, sa han fleire gonger.

*No gjev me vår tidlegare kyrkjetenar Mikkel Kobbeltvedt ordet(1994):*

"Etter forvisninga frå prestegarden budde Boge hjå oss. Han hadde kontor i farshuset, og hadde mat med oss rett som det var. Då prata me ofte. Familien budde i eit av nabohusa. Elias Fjell slapp ut att. Etter Bergen kretsfengsel kom me til Espeland fangeleir. Denne var då ny, og erstatta Ulven som var lagt ned.

21. november vart me sendt til Grini.

Boge hadde jamnlege andaktar for oss. Det var utruleg kva han fekk gje oss då. Han hadde vokst på fangenskapet.

Me budde på brakka med Res.Kap. Johannes Smidt i Ullern, som seinare vart Biskop i Agder. Vi var óg på gudsteneste og hørde Smidt. Ein søndag hadde Ullern-presten andakt. Rommet var heilt fullt. Plutselig storma det inn 2 kriminelle fangar (nasistar) og ropa: "Dere har ikke lov til dette." Og ganske riktig, det vart oppvask, og opprop. Tyskarane sa: "Vi vil ikke nekte den enkelte å tilbe sin Gud. Men slik samling er forbudt her. Smidt vil nå få sin straff. De andre får gå for god fisk." Men vi måtte stå oppstilte i timesvis og venta. Ludvig Hope kom forbi oss. "Ver ved godt mot, karar! De står for ein god sak!"

*Mikkel er óg oppteken av at Kyrkjebladet må retta opp att inntrykket som vart gjeve i nr.4/90 om grunnen til at Boge vart arrestert.*

Her er det m.a. sagt at "medverkande til at det gjekk så hardt ut over kyrkja i Fjell, var nok den særse sterke ordbruken ...Boge bruka i kampen mot okkupasjonsmakta."

Sanninga er, seier Mikkel, at korkje Boge eller vi visste kvifor han vart arrestert. Og eg var saman med han heilt til han vart sendt til Tyskland.

Boge sa påny og påny: "Eg skjønar det ikkje." Og han trudde han skulle sleppa fri etter 3 månader.

Likevel vart han ein dag ropt opp på appellplassen. Han skulle møta på kontoret. Dei sa til han at han var teken ut for sending sørover. Han tok det særse tungt. Men det tok mange veker før han vart sendt.

Då Boge vart sendt til Tyskland hadde han influensa med sterk forkjøling."

### Boge sine siste dagar i Norge:

Boge har etterlate seg både eit brev og sume dagboksnotat frå sine siste dagar i Norge. Dette var skrive på dopapir på Grini, og utsmugla derifrå. Familien Boge fortel at Edith Boge var sers redd for at brevet skulle bli oppdaga under husundersøking. Derfor gøymde ho det på ulike måtar, i ein divan, inne i eit garnnøste, o.l.

Utsnitt av brev frå Boge 9. februar 1944.)

1944:

9/2 "Grini 9/2 1944.

"Kjære, kjære Edith!

I dag er eg "oppropt" til Tyskland, skal møta for den tyske lækjaren kl.1. Dersom du får dette brevet, er det eit merke på at eg er send til Tyskland. Eg synest det er merkeleg at det kan gå slik, eg synest ikkje at eg har gjort noko som gjer meg skyldig til ei slik straff. -Å Edith! det er so mykje, mykje eg skulde ha sagt deg -og eg vonar dette brevet må koma fram-... varsam med dette brevet so det ikkje fell i urette hender. - Det er sendt bakvegen.

Fyrst må eg få segja deg inderleg takk for alt! I fengsel har eg ofte og mykje tenkt på deg og minna er mange og kjære. No ser eg betre enn nokon gong kor mykje du har vore for meg, eg elsker deg meir enn nokon gong og takkar Gud for alt han har gjeve meg gjennom deg..."

"Takk for alt du skreiv i brevet dagsett 21/1. Kvant ordet du skreiv interesserte meg. Å so godt at borni våre har so snild og dugande mor. Må Gud gjeva deg helse og visdom og nåde til å oppsede dei vel og gjeva deim ei hyggeleg heim.- Du kor glad eg er i dei alle saman! Ingerid, Audun, Einar, Dagfin og Ottar! Seg det til dei frå meg at eg er so glad i dei, og at eg kvar dag ber for dei, og for deg-de må ogso be for meg. Du må segja dei frå meg at dei må gjeva hjarta sitt til Jesus og ta han med i alt då går det dei vel-då er dei frelste i liv og død. Edith, du kor godt det er å vera frelst. "Hvor deilig å have det godt med sin Gud og vite det varer en evighet ut!" Eg trur og vonar at me må få møtast att...men skulde det henda at me ikkje får møtast alle igjen her, so må me møtast der heime.-"Lat

*Kjære, kjære Edith!*

*I dag er eg "oppropt" til Tyskland, skal møta for den tyske lækjaren kl. 1. Dersom du får dette brevet, er det eit merke på at eg er sendt til Tyskland. Eg synest det er merkeleg at det kan gå slik, eg synest ikkje at eg har gjort noko som gjer meg skyldig til ei slik straff.*

## «Eg ber ikkje agg til nokon.»

oss evigt saman vera, me som var det her på jord," song me i andaktstundane.- Det var godt å få skriva ...deg og borni,- det vert lettare å reisa no. De må ikkje syrja for mykje, for mi skuld, men vera frimodige og leggja alt i Guds hand. Det vil eg gjera. Og so skal det verta ein glederik dag når eg får sjå dykk att...No lyt eg nok slutta.

Mange, mange kjærlege helsingar!  
din Ingolf."

**14/2** Hadde idag ei rik nattverdstund i lag med truande brør.

**16/2** Du må helsa til slekt og vener og kjenningar frå meg-i all stilla sjølv sagt-at du har fenge dette brevet må du vera sers varsam med å nemna. Eg lit på at vener og kjende i Fjell hjelper deg og borni so de slepp lida naud. Din I."

**"27/2** Søndag 27.febr. reiste han i lag med ca. 30. Han var full av frimod, trygg i Guds hånd. Han blir nok ikke lenge borte. Hilsen Mat.28,20 fra en venn og kollega."

## Kva hende med Boge i Tyskland?

*Dagfinn Boge held fram med saga:*

"Det vi har fått vite er at far døydde på ein fangetransport, før dei var framkomne til staden dei skulle. Som det ofte var vanleg den gongen, sa dei offisielle tyske dokument at dødsårsaka var dobbeltsidig lungebetennelse. Slik var det óg i fars døme. Vi har fått det forklårt slik at transporten gjekk frå Neuengamme til Sachsenhausen.

Ei kjelde vi har støtta oss til, er ein som då var prest ved Bjørnevatn. (*Soknepresten i Sør-Varanger?*, forfs anm.) Han var med far i fangenskapet, men overlevde. Han skreiv til mor etter krigen, og fortalde henne at far vart sjuk. Sidan sjukdomen kunne føre med seg at han vart skild frå dei andre norske, prøvde medfangane å skjermja han i det lengste for tyskarane.

Så kom transporten til eit kjellarlokale. Her var særst mange i rommet. Toalettbøtta vart snart full. Dei andre ordna med ei provisorisk seng for far, og gav han av sine klede for å verna han. Men det vart oppdaga at far var sjuk. Så kom dei og henta han.

Dette var det siste dei såg til han. Heime ante me uråd då både brev og pakkar kom i retur. Men me skjønna etterpå at mor hadde ant uråd lenge. Det var den 5.august 1944 at bodet kom om at far var død."

*Svenn Martinsen sen. kan ha utfyllande opplysningar. Han vart arrestert av tyskarane 7. mai 1942 og kom via Møllergata 19 og Grini til KZ-Lager Sachsenhausen i Oranienburg i 1943:*

"Tysklandstransportane tok ut frå Amerikalinjen sin kai i Oslo, rett ved der Havnelageret ligg i dag. Båten gjekk til Århus. Derifrå var det jarnbanetransport over Fredericia, Kielkanalen, Neumünster, til godsdelene av Hauptbahnhof i Hamburg.

I Hamburgområdet kom ein gjerne til eit eller fleire av fengsla Hütten, Altona eller Fuhlsbüttel før ein vart sendt vidare til Sachsenhausen over anten Alt Moabit-fengslet (som eg sjølv) eller Alexanderplatz-fengslet i Berlin.

Kjellarlokalet Boge var i kan godt ha vore Hütten, slik eg sjølv hugsar denne plassen. Truleg vart den sjuke presten brakt til Revier(Sjuketua) i KZ-Lager Neuengamme i nærleiken. Denne leiren var den einaste med Revier i området.

Då eg kom nordvestover frå Sachsenhausen til Neuengamme med dei kvite bussane året etter, spurdest Boge sitt namn i Neuengamme. Han hadde vore der, han døydde der, og vart kremert der, vart det sagt."

*Kristian Ottosen nemner at ein mogleg annan stad "kjellarlokalet" kan ha vore, er ei nedlagt fabrikkbygning i sjølve KZ-Lager Neuengamme. Det er døme, seier han, på at andre nordmenn kom hit ved eit høve, nemleg N.N.fangar som hadde vore i Natzweiler, Dachau, Golenhafen og Kiel.*

*Neuengamme K2-Lager sett frå eit vakttårn. (Frå Frøslevlejrens museum, foto Svenn Martinsen).*




*Krematoriet i KZ-Lager Neuengamme. (Frå Frøslevlejrens museum, foto Svenn Martinsen).*

## Frå dagslista for soknepresten i Fjell 6: Vår og sumar 1945. Glede og Sorg.

**"10/5** Helgetorsdag. Fjell. Festgudstenesta i høve av fredsslutningi. Fri tekst: Salme 136, 1-3 og Salme 35,18. Kyrkja var vakkert pynta for høve. Tellnes songlag og Møvik songlag deltok med eit vakkert utval av nasjonale og kristelegesongar. Offer til presten i Fjell-gåve, kr.1800,-Fullsett kyrkje.

**10/6** 2.s.e. triening. Fjell. Takkegudstenesta for freden i Europa. Fullsett kyrkja. Altargang og 3 dåp. 67 nattv.gjester. Off. Tellnes songkor og Kolltveit musikklag deltok. På møte i Fjell sokneråd etter gudstenesta.

**8/7** 6.s.e. triening. Fjell. Minnegudstenesta for sokneprest Boge som døydde i Tyskland 1.april 1944. Biskop Fleischer preika, pastor Trengereid intimerste og forretta. Klokkar Hestad slutta. framh. s. 18



## «Eg ber ikkje agg til nokon.»

dessutom taler av Mons Kobbeltvedt og lærar Foldnes. Hestad sitt songkor song fleire vakre nummer. Offer på alteret til minnesmerke over Boge og dei andre falne frå Fjell. Kyrkja var heilt fullsett. Etter gudstenesta 3 barnedåp. deretter var biskopen, fru soknepr. Boge med alle borna, fru soknepr. Møllerup og frk. Møllerup, Oslo, klokkar Hestad m/frue og lærar Foldnes til middag og kaffi i pastor Trengereids barndomsheim på Trengereid."

"16/9 16.s.e. triening. Fjell. Minnegudstenesta for dei fallne i krigen-med tekstar, salmar og kollekt vald av dei norske biskopar. Namni på dei fallne og burtkomne under krigen-i alt 19-vart lese opp frå preikestolen. Offer til dei fallne sine etterlatne kr.628,02. Mykje folk var møtt fram og det var ei høgtidsam stund i kyrkja. 2 barnedåp. (Skrive av Trengereid)

## Frå Soknerådsprotokollen for Fjell 2:

Møte 1-9-1945.

### Oppsummering.

"Det fyrste ordinære soknerådsmøte-etter den store og fælslege heimskrigen som enda i mai(8.)1945-varde ca.5 år for Europa-vart halde på Fjell laurdag 1/9-45. Soknerådslemene og varamenn var innkalla. Pastor Trengereid var varsla om møtet. Tidlegare på sumaren var også nokre av soknerådet samla i sakristiet. Då held form. Nils Foldnes ei stutt minnetale over sokneprest I.Boge som døydd i tysk fangeleir.(etter utsagn 1.april 1944) meldinga kom fyrst i (august) juni. Han vart henta av politiet kring 1.sept.1943. Då budde han på Kolltveit. Dødsårsak skal ha vori-etter utsagn av frua hans-lungebet..."

"...vart og omtala å ha minnegudsteneste for Boge. Denne vart haldi 8.juli. Biskop Fleischer var med og fru Boge og pårørende var innbedne. Det var ei høgtidsam og gild minneg.t. Pastor Trengereid held minnetale frå kordøra, Biskopen held preika for dagen. Under "ordet fritt" var det to av kyrkjelyden som hadde høve å minnast Boge frå kordøra-Mons M.Kobbeltvedt og Nils



Appellplassen i KZ-Lager Neuengamme. (Fangekunst frå Frøslevlejrens museum, foto: Svenn Martinsen).



SS-vakter med pisk i KZ-Lager Neuengamme (Fangekunst frå Frøslevlejrens museum, foto: Svenn Martinsen).

Foldnes. Alle som bar fram eit munnlegt minneord, takka avdøde for trugen og god tenesta og vilde minnast han som ein kristeleg varmhjarta bror og ven. Etter soknerådsmøtet sitt ynskje vart det teke opp offer på altaret same dagen-til minnestøtta over Boge. Det kom inn over 1800 kr."

### Kvifor vart Boge arrestert?

*Noko eksakt er ikkje mogleg å svara med tilgjengelege kjelder.*

*Boge visste det ikkje sjølv. Familien har i alle år rekna med at han vart teke som gissel. Vilkårlege arrestasjonar var ikkje få. Men vi kan heller ikkje utelukke at ein angjevar var på ferde. I alle høve måtte vel innbrotet i prestearkivet (sjå dagsregisteret 26.februar 1943) vera eit urovekkjande teikn for presten.*

*Epilog: "Sæle er dei døde som døyr i Herren!" (Op. 14,13)*

### *Herrens Fred over minnet!*

**Artikkelen byggjer på studier over ein periode på 3 år. All rettskrivning og uttrykksmåte i kjeldene er halde på. Eg har ikkje gått inn for å gje att det i kjeldene som går på kyrkjelivet i Fjell under krigen. Dagsregisteret er mykje meir omfattande enn det som kjem til uttrykk her.**

*Kjelder: Dagfunn Boge, Slektsbok: "Mølleropslekten i Norge". "Studentane frå Voss off.Landsgyrnas i 1920," av kst.sorenkrivar Bjørne Fjortoft. (1945) Ragnvald Fjell, Mikkel Kobbeltvedt, Dagsregisteret for soknepresten i Fjell. Kallsboka for soknepresten i Fjell. Protokollen for Fjell Sokneråd. (Avskrift av kyrkjebøkene: Astrid Knappskog, Svenn Martinsen.) Dagfunn Hauge, Kristian Ottosen, unemnt.*

#### LITTERATUR:

*Torleiv Austad: Kirkens Grunn. Oslo 1975.  
H.C.Christie: Den Norske Kirke i kamp. Land og Kirke, Oslo 1945.  
Jan Egil Fjortoft: Tyske krigsført i Norge. Agder forlag, 1982.  
Kristian Hansson: Stat og kirke, John Griegs forlag, Bergen 1945.  
Ludwig Schübeler: Kirkekampen slik jeg så den. Lutherstiftelsen, Oslo 1945.  
Konsulent: Svenn Martinsen, sen.*

Han sat på Grini, Mikkel Kobbeltvedt, frå november 1943 til maidagane 1945. Ung var han (24 år) og nyleg gift (i april 1943) då det snørte seg til rundt han pga. eit radioapparat som han og broren Hans hadde halde unna for å lytta til nyhenda frå England.

*Du var ikkje den einaste i din familie som havna på Grini?*

– Nei, det byrja med at far min, Mons Kobbeltvedt, vart arrestert saman med sokneprest Boge i månadsskiftet august/ september 1943. Boge hadde på det tidspunkt måtta flytta frå prestegarden i Fjell, og han budde saman med familien sin i Djupedalen her på Kolltveit. Han hadde kontor i andre etasje her hjå oss. Sjølv fekk eg ordre om å møta på Gestapohuset i Bergen til forhøyr 10. - 11. september. Eg reiste sjølv-sagt inn, vart forhøyrd og teken med til Bergen Kretsfengsel.

Nokre dagar seinare henta lensmannen bror min, Hans.

Og så sat vi der, alle fire, på Bergen Kretsfengsel, både sokneprest Boge, far min, bror min og eg.

Fjorten dagar seinare vart vi førde til leiren på Espeland. Og så i slutten av november 1943 vart vi sende til Grini, sokneprest Boge, far min Mons og eg. Hans kom ikkje til Grini før i byrjinga av 1944, var der berre ei kort tid før han vart vidare-sendt til Bardufoss, der han var til krigen var slutt.

*Vi veit at sokneprest Boge vart sendt til konsentrasjonsleir i Tyskland. Var det nokon gong på tale at du og far din skulle dit?*

– I byrjinga av januar 1944 var det opprop for sending til Tyskland. Då stod vi på oppropslista alle tre. Vi skulle av garde! Det var berre å venta på tidspunktet! Frå opprop til sending kunne det gå lang tid, ofte fleire veker! Då gjekk vi der i spenning!

Så kom dagen for sending til Tyskland. Eg hadde pga. tannverk vore til tannlegen og fått trekt ein visdomsjeksel. Etter dette blødde eg svært hardt. Noko som eg seinare fekk vita var forårsaka av underernæring. Dr Ås meinte at eg var altfor slapp og elendig til å bli sendt til Tyskland og gav beskjed om at eg av den grunn ikkje kunne sendast no. Det var ikkje lett å få

tyskaren til å tru dette, men til slutt let han seg overtuda av blodutredningar som eg hadde på låret – forårsaka av underernæring. Slik gjekk det til at eg ikkje vart sendt til konsentrasjonsleir i Tyskland! Far min høyrde ikkje eitt ord då sendinga gjekk, sjølv om han stod på lista over dei som skulle sendast! Men sokneprest Boge vart alstå sendt til konsentrasjonsleir i Tyskland...

*Og så var du og far din igjen på Grini. Fortel litt om dagleglivet der!*

– Grini var bygd som kvinnefengsel, og det var eit stort fengsel på eit stort område. Rundt leiren var det store gran- og furuskogar. Til vanleg var vi 2-3000 fangar der. Likevel kunne vi gå fritt på heile området. Periodevis var fangetalet 4-5000. Då vart det bygd ein etasje til på etasjesengene!

Kvar morgon var det oppstilling ute. Vi skulle teljast! Etter at arbeidsdagen var slutt, var det oppstilling igjen – ute. Ny teljing! Om kvelden var det oppstilling enno ein gong – men denne gongen inne på brakka! Og teljing!

Etter opteljinga, når vi var samla inne på rommet, vart eit utdrag av nyhenda frå England lesne opp for oss. Slik kunne vi på ein måte halda oss åjour med utviklinga i krigen. Og vi var alle optimistiske, vi var sikre på at krigen skulle vinast!

Sjølv hadde eg innarbeid, men midt på dagen vart vi beordra ut til gymnastikk. Og gymmlæraren fann moro i å gje oss oppgåver der vi bl.a. skulle kasta oss i mold og søle. Dess verre, dess betre!


Far min hadde brev- og pakkeforbod og gjekk derfor med eit gult trekantmerke bak og framme på fangetrøya si. Somme gjekk med kvite slike merke, dei var gissel, dvs. dei var fangar i staden for ein eller annan!

Sjølv fekk eg senda brev heim, og eg fekk motta brev. Men alt vart sjølv-sagt kontrollert. Uansett, livsteikn var det i alle fall!

Hausten 1944 vart forresten far min igjen oppropt for sending til Tyskland. Men heller ikkje denne gongen høyrde han noko meir!

Elles heldt vi motet oppe på ulike måtar: F.eks. hadde vi nattverdsamlingar nokre få gonger. Dette måtte vi gjera i gøymsele. Saman med oss var også Francis Bull, –

eit sjeldant fint menneske. Han siterte lange stykke frå litteraturen til oss – bl.a. frå Peer Gynt. Dette var flotte avbrekk i kvardagen!



*Det verste ved dagleglivet på Grini, kva var det?*

– Maten. Lite mat og dårleg mat. Vi gjekk kronisk svoltne. Vi tenkte mat heile tida. Vi snakka mat heile tida. Vi snakka om alt vi skulle eta når vi kom heim – vi fantaserte om alt det gode vi då skulle få! Men da krigen var slutt og eg kom heim, forsvant appetitten totalt! Eg måtte tvinga mat i meg!

Og så var det alle dei tilfeldige oppstillingane på kommandoplassen.

Ut og stå, og stå og stå, venta og venta. I spenning. Ingenting vart sagt, ingenting skjedde. Oppstillinga vart oppløyst, og vi kunne gå inn igjen. Kvifor?

Elles frykta vi vanskelegare tilhøve etter som frigjeringa nærma seg, men det motsette skjedde!

*Hugsar du ei spesiell nifs oppleving?*

– Det eg no vil fortelja, skjedde ganske i byrjinga av opphaldet vårt på Grini. Både far, sokneprest Boge og eg budde den gong på brakke 6. Saman med oss på brakka var også sokneprest Smith (seinare biskop). Vi hadde byrja med gudstenestle gesamlingar kvar søndag, og prestane delte på ansvaret for desse.

Ein søndag Smith var prest og rommet var stuande fullt, vart døra opna av to brølande nazistar. Dette skulle meldast til tyskarane! Dette skulle straffast! Gudstenesta fekk ein brå ende. Og vi frykta det verseite!

Nokre dagar seinare kom det ordre om at alle som var samla til andakt på brakke 6 søndag, skulle ta oppstilling på appellplassen. Der stod vi i timevis! Då kom Ludvig Hope forbi. «Ja, kameratar, de står for ei god sak. Ver ved godt mot!» sa han og gjekk vidare. (Som ein kuriositet kan nemnast at Ludvig Hope og Ole Hallesby gjekk fritt omkring i leiren utan å bli sett til arbeid!)

# R I N I

Endå ei lang tid stod vi der på appellplassen før vi fekk ordre om å gå til arbeids igjen.

Om kvelden fekk vi denne beskjeden: «Vi kan ikkje nekta nokon å dyrka sin Gud i det stille. Det er opp til den enkelte. Men å samlast slik er strengt forbode. Denne gongen skal nåde gå for rett. Men presten skal få si straff.»



**Ein kan lett tenkja seg at du opplevde triste hendingar i løpet av griniopphaldet. Fortel noko slikt!**

– Det var slik ein nydeleg vakker haustdag, ein slik dag då ein lengta heim! Eg hadde lagt meg nedpå etter middag. Mange av dei andre gjekk ute mellom brakkene. Då var det brått ein som gav seg til kjenne oppe frå 3. etasje i hovudbygningen. Han sa: «I dag har vi vore hjå kommandanten og fått vår dødsdom.»

Det var 6-7 ungdommar i 18-20-årsalderen, bl.a. to brøyr. Dei hadde drive illegalt arbeid og blitt tekne. Han som snakka på vegner av dei andre, heldt fram: «Når sola renn i morgon, er ikkje vi meir. De må gløyma og de må tilgje! Hels far og mor; hels heile Norge: Korset, det held i liv og i død!»

Ein av fangane som stod på plassen utanfor stemte då i eit songvers, og alle song med:

*«Norge, mit Norge! så gi meg din vår  
Med sol over vuggende vanne!  
Men hør meg, ja, hør meg:  
Når dagen forgår og aftenen skygger  
min panne,  
Da lær meg å visne, å Norge, min mor,  
Da red meg en seng i din hellige jord,  
Når sommeren drager av lande!»*

Dagen etter var dei borte! Ufatteleg...!

**Er det andre opplevingar du gjerne vil fortelja?**

– Ei tid var det ein del fangar frå Polen på Grini. Desse polske fangane vart hersa med av to norske frontkjemparar som av

ein eller annan grunn vart verande på Grini. Nokre av oss såg på dette og syntest det var grusomt at polakkane skulle få slik hard medfart. Nokon snakka med Hallesby og ba han ta kontakt med leirkommandanten. Hallesby fekk audiens. Han kom glad tilbake etter møtet med leirkommandanten som han karakteriserte slik: «En fin type og meget intelligent.» Nokre dagar seinare vart dei to frontkjemparane flytta frå Grini, og polakkane fekk vera i fred.

Ein annan gong vart to ungdommar på 17-18 år frikjende etter først å vera dødsdømde. Dette gjorde inntrykk!

Elles minnest eg godt ein gong ein fange som til vanleg budde på ein av gardane i nærleiken, skulle overnatta hjå oss. Han fekk plass i senga ved sida av meg. Om kvelden las eg i nytestamentet mitt slik eg gjorde det kvar kveld. Han spurde: «Kva les du i?» Eg svara: «Nyttestamentet». Då fór han opp og freste: «Ja, Guds ord er opium for folket! Ikkje sant karar?»


Det vart heilt stilt. Ingen sa eitt ord. Ikkje han sjølv heller.

**Maidagane 1945, korleis opplevde du dei?**  
– Eg hadde heile tida ønskt at eg skulle få vera på Grini til freden kom. Tenk å få oppleva fredsjubelen på Grini!

Men slik gjekk det ikkje. Far og eg vart sleppte fri ein av dei første dagane i mai. Vi var nokre dagar i Oslo, bl.a. ein søndag. Då gjekk vi til gudsteneste i Ullern kirke, der Smith, medfangen vår, var sokneprest. Han hadde sluppe ut frå Grini nokre dagar før oss, og no var han i fullt arbeid som prest!

Og så tok vi toget vestover. Då toget hadde ein stans på Geilo, fekk vi vita at tyskarane hadde kapitulert. Då vi kom til Voss, var flagga komme til topps over heile vossebygda.

Turen frå Voss til Bergen vart ei festreise. Vi gjekk ut på alle småstasjonane for å få flagg og skjera nyutsprungne bjørk. Dette pynta vi toget med på begge sider, så det var eit festpynta tog som kom inn på jernbanestasjonen i Bergen litt ut på



kvelden 7. mai. Folk stod som sild i tynne på stasjonen, og «Ja, vi elsker» ljoma over stasjonsområdet!

8. mai var vi i Bergen til ut på kvelden. Det var en flott vårdag. Vi spaserte i gatene og nytte freden, fridommen!

**Kva ber du med deg etter åra i fangenskap?**

I ettertid kan eg seie at eg ville mest ikkje vera det forutan! Så mange opplevingar, rike og interessante. Så mange interessante og flotte menneske å møta. Så mykje optimisme og håp midt i alt! Eg var heldig, hadde ikkje ei einaste vakenatt. Fekk leggja alt i Guds hand, leggja det frå meg der!

*Nedteikna av A. V. E.*

**Følgjande bøn er truleg ei kyrkjebøn. Ho er nedskriven av Ragnvald Iversen i Knarrevik i 1941.**

**«Du, all miskunnhets Far, som skapte alle nasjoner av ett blod, ta imot våre bønner som vi bærer frem for deg, for vår angstfulle og bekymrede verden. Send ditt lys i vårt mørke, og led nasjonene som en familie på fredens vei.**

**Ta bort all fordom, hat og frykt. Styrk oss i viljen å forstå. Gi dem som styrer og leder folkene å kunne dømme rett, så din vilje kan bli utført gjennom dem, vår Herre Jesus Kristus. Gi oss fred, Herre vår Gud og fyll mitt og alles hjerter overalt på jorden med vår Herre Jesu Kristi ånd.**

**Amen.**